



Lisa Skyberg
Håtuftvegen 347
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Ref.:VV28PE-
Skjemanr.:5367
Vår: 23/5796 - 23/62252

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
09.08.2023

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 331/2 Håtuft

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 21.07.23. Saka har vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga og er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.

Vurdering:

Du ynskjer endra bygningskoden frå Våningshus benyttes som fritidsbolig (163) til 113 våningshus. I matrikkelen var bygget registrert som bygningstype 161- fritidsbustad.

Du grunnjev kravet om retting med at huset har vore heilårsbustad heilt sidan bygget kom opp i 1889 og fram til omtrent 1989. Det vart søkt om, og innvilga fritak frå bu- og driveplikta i 1989, men det har ikkje vore søkt om bruksendring til fritidsbustad.

Det er vidare opplyst at bygget er i god eldre tilstand, at det er etablert tilbygg med bad i 2018 og at bygget er tilknytt kommunalt vassverk og har privat avløpsløyving.

Plan og byggesaksavdelinga vurderer at bygget kan registrerast som våningshus utan ytterligere behandling etter plan- og bygningslova.

Konklusjon:

Bygningstypen er endra frå 161- fritidsbustad til 113- våningshus.

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då det er klart at dette bygget er bygd som våningshus på ein gard, og at det har vore utført utbedringar på bygget som gjer at det kan brukast som våningshus i dag. At det har vore endra til fritidsbustad skuldast mest truleg at bygningstypen skulle spegla bruken av bygget i høve fastsetjing av offentlege avgifter.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

331-2- fritidshus (våningshus) før retting
331-2- våningshus etter retting

Kopi til:

NGIR forvaltning

Mottakarar:

Lisa Skyberg

Håtuftvegen 347

5919

FREKHAUG